
Notat

Til: Thomas Vestbø

Kopi til:

Saksbehandlar: Anne Sofie Sandvik

Vår referanse: 25/1688-16

Dato: 03.12.2025

Notat frå informasjonsmøte 02.12.25

I samband med høyring av planprogrammet blei det arrangert eit ope informasjonsmøte om planprogrammet, planprosess og planarbeidet. I dette møtet blei det også orientert meir om medverknadsopplegg og korleis kvar enkelt kan gje si stemme.

Informasjonsmøte var på Skjold arena tysdag 02.12.25 frå kl 18-20. Oppmøte var ca 120 stykk.

Kommunen ga informasjon om planprosess og korleis kvar enkelt kan gi si stemme i planprosessen og at det i denne omgang er oppskrifta (planprogram) for planarbeidet som er på høyring.

Kommunen gjekk vidare gjennom planprogrammet og dei viktigaste tema i programmet. Vidare blei det også lagt fram arbeidet som allereie er starta for å oppdatere kunnskapsgrunnlaget og skaffe ny kunnskap. Kommunen arbeider med ein trafikkanalyse og dei førebelse vurderingane i denne blei lagt fram. Vidare er det også gjennomført barnetråkk i 5. og 9 klasse som blei vist eksemplar frå i møtet. (Presentasjonen ligg vedlagt notatet).

Det blei også opplyst om at innspel til planprogrammet må sendast inn skriftleg innan høyringsfristen 31.12.25.

Det blei også opna for å komme med andre innspel til planarbeidet og særleg til medverknadsopplegget vidare. Sjå siste foil frå møte under:

Medverknad til
planprogrammet
fram til 31.12.25

Me ønskjer tilbakemelding på:

- Hovudmålsettingane
- Planområdet
- Viktige tema som må utgreiast
- Opplegg for medverknad

Sendast inn skriftleg til kommunen
innan 31.12.

Medverknad under
arbeid med planen
Frå 01.01.26

Me ønskjer tilbakemelding på type
medverknad:

- Ulike medverknadsmøte/verkstadar i mindre og større grupper
- Fleire opne møte
- Ei spørjeundersøking i løpet av arbeidet med planen.
- Jamn informasjon om arbeidet

Kom gjerne med tilbakemelding i
møte nå. 

Nokre innspel og spørsmål i møte

Det kom flest innspel knytt til trafikktryggleik, mjuke trafikantar og utvikling av sentrum.

Skjoldavikvegen:

- Vegen har for dårleg kvalitet mange plassar. Asfalten er dårleg, dreneringa fungerer ikkje og det er mange hull i asfalten og mange sølepyttar.
 - *Kommentar: Desse tiltaka kan fiksast utan plan og er ein del av dei kommunale driftsoppgåvene. I planen må det avklarast kva for standard og funksjon vegen skal på lang sikt. Dette kan i etterkant krevje andre oppgraderingar*
- Det kom forslag om fleire enklare trafikksikringstiltak som overkøyrbare fortau og maling av gata for betre og skilje mjuke trafikantar frå bilar
 - *Kommentar: Etter at trafikkanalysen er ferdig, vil kommunen vurdere kva for tiltak som kan gjerast på kort sikt og kva for tiltak som krevjar endring i plan. Forslag om ulike løysingar som kom fram i møtet vil bli vurdert inn i dette arbeidet.*
- Problem med mange parkerte biler langs vegen.
 - *Kommentar: Gateparkering er løysinga for fleire eigedommar. Me skal sjå meir på ulike parkeringsløysingar framover i arbeidet.*
- Mange mjuke trafikantar er altfor dårleg til å bruke refleks.

Sentrumsområde

- Veldig uoversiktleg område rundt Kiwien. Mange farlege situasjonar seinast nesten påkøyrse i dag.
- Frå E-134 og inn til Isvik er det dårleg skilta (plassert for høgt) at det er fartsgrense 30.
- Frå Skjoldavikvegen og inn til Kiwi burde det vere stoppskilt
- Det må på plass gode overgangar for mjuke trafikantar

Kommentar: Heile dette området må vurderast i planen. Kva som skal til for å løyse både dei trafikale og meir liv i sentrum må løysast i eit samarbeid med både offentlege og privat.

Avlastingsvegen

- Vegen bør ikkje omtalast som ein avlastingsveg. Dersom denne skal byggast blir den ein ordinær lokalveg som dei andre.
- Det er fleire eigedommar som i større eller mindre grad blir råka av det alternativet som er tilrådd.

Kommentar: Først skal kommunen undersøkje om det faktisk gir ein betre fordeling av trafikken ved å bygge vegen. Vidare må det undersøkast for støy og korleis ein best kan løyse vegen med tanke på skjeringar, murar etc. Dersom vegen blir lagt fram i eit planforslag vil dette plankartet komme ut på høyring og desse forholda vil vere vurdert.